



**Sykkylven**  
Energi

ÅRSMELDING | REKNESKAP

**2018**

[www.sykkylven-energi.no](http://www.sykkylven-energi.no)





## Innhold

|                                                |           |
|------------------------------------------------|-----------|
| <b>Introduksjon av selskapet.....</b>          | <b>3</b>  |
| Organisasjon .....                             | 3         |
| <b>Administrerende direktør har ordet.....</b> | <b>4</b>  |
| <b>Presentasjon av forretningsområda</b>       |           |
| Produksjon av strøum.....                      | 5         |
| Distribusjon av strøum .....                   | 6         |
| Fibernettt .....                               | 9         |
| Vassforsyning, avløp og renovasjon .....       | 10        |
| Økonomi-/administrasjons-/kundeavdelinga....   | 12        |
| <b>Nøkkeltal .....</b>                         | <b>13</b> |
| <b>Styret si melding .....</b>                 | <b>14</b> |
| Økonomi .....                                  | 14        |
| Eldistribusjon og kraftsal .....               | 14        |
| Vatn, avløp og renovasjon .....                | 14        |
| Produksjon i egne kraftstasjonar .....         | 14        |
| Fiber .....                                    | 15        |
| Anna .....                                     | 15        |
| Arbeidsmiljø og likestilling.....              | 15        |
| Forsking og utvikling.....                     | 15        |
| Ytre miljø.....                                | 15        |
| Generelt .....                                 | 15        |
| Disponering av årsresultat .....               | 15        |
| <b>Revisor si melding .....</b>                | <b>16</b> |
| <b>Resultatrekneskap .....</b>                 | <b>18</b> |
| <b>Balanse .....</b>                           | <b>19</b> |
| <b>Notar til rekneskapen .....</b>             | <b>21</b> |
| <b>Kontantstrømoppstilling.....</b>            | <b>30</b> |
| <b>Samfunnsrekneskap .....</b>                 | <b>31</b> |

Alle foto: Kristin Støylen  
Grafisk produksjon: Atema - atema.no



Styret Sykkylven Energi AS: Frå venstre: Arvid Skinnnes, Kristin Grebstad, Steinar Johan Bakke, Odd Arne Krüger, Per Arne Edvardsen, Jarle Strømmegjerde, Renate Karlsen og Halvard Hjorthol

## Introduksjon av selskapet

**Sykkylven Energi (SE) er 100% eigd av Sykkylven kommune og er registrert som eit aksjeselskap.**


Styret har 7 medlemmar. Av desse er 5 oppnemnt av generalforsamlinga (kommunestyret) og 2 er arbeidstakarrepresentantar. Administrerande direktør møter på styremøta, men er utan stemmerett.

SE har eit dotterselskap i Sykkylven Miljøpark AS. I tillegg har SE aksjar i SmartHub AS, Jarnes Industripark AS og Elsikkerhet Møre AS.

Elsikkerhet Møre AS koordinerer aktiviteten med tilsyn av dei elektriske anlegga. Selskapet blei stifta 1. oktober 2002, og har som hovudoppgåve å utføre dei lovpålagde tilsynsoppgåvene for eigarselskapa. Elsikkerhet Møre AS er eigd av Nordvest Nett AS, Sandøy Energi AS, Stranda Energiverk AS, Sykkylven Energi AS og Mørenett AS.

Eit viktig arbeidsmål for SE er utvikling av samarbeidet med andre aktørar i nærområdet, og korleis ein gjennom samarbeid og spesialisering kan hente ut stordriftsfordelar. Det er etablert samarbeid på ei rekke område.

## Organisasjonsplan Sykkylven Energi AS:



## Administrerende direktør har ordet

I 2018 feira selskapet sitt 100-års jubileum. Dette vart markert med jubileumsframsyning på kulturhuset 14. oktober med stor deltaking frå innbyggjarane i kommunen. Når vi feire 100 år passar det bra at vi samtidig legger fram tidenes beste resultat for selskapet. Det har vore eit år med høge straumprisar som har gitt god avkastning på verdiane som har bygd seg opp gjennom historia. Samstundes er det god utvikling i alle forretningsområda i selskapet, noko som viser at dei tilsette jobbar strukturert og langsiktig med forbetringar i selskapet.

Som samfunnsbyggjar har Sykkylven Energi fortsatt utbygginga av fiber til heimen i 2018. Dette ser vi på som viktig for utviklinga av kommunen. Tilgang til breiband i heimen er i dag blitt like viktig som anna infrastruktur som straum, vatn og avløp. Vi er dermed blitt eit av dei få komplette infrastrukturselskapa i landet. Vi trur at dette aukar marknadsverdiane til bustadane i kommunen og bidreg til at kommunen er ein del av ein attraktiv bustadsregion.

Der skjer store endringar innanfor teknologi og digitalisering, noko som stiller nye krav til kompetanse og arbeidsmetodar. Nye straummålarar automatiserer innsamling av målardata. Dette minkar ressursbehovet både innanfor kundeservice og handteringa av endringar hos abonnentane. I tillegg gir det betre oversikt over forbruket, som igjen gjer at vi kan optimalisere forsyningsnettet og redusere investeringsbehovet.

Forbruksmønsteret for straumforsyninga er i endring. Når det no byggjast ut til lading av elektriske ferjer, så vil dette auke det maksimale effektforbruket i kommunen med 10 %. Satsinga på elektriske bilar bidreg også til auka forbruk til andre tider i døgnet.



Innanfor vassforsyninga jobbast det med å minke vass-tapa. Her har ein oppnådd betydelege reduksjonar i 2018, noko som gir lågare energiforbruk og kostnader til reinsing av vatn. Dette styrkar også reservekapasiteten. For avløp er målsettinga å auke graden av reinsing slik at utsleppa til fjorden reduserast.

I 2018 vart det gjennom endring i Energilova bestemt at alle selskap med nettverksemd blir pålagd å skilje ut nettverksemda i eigne sjølvstendige selskap. Selskapet har i samband med dette vore igjennom ein strategiprosess der ein har konkludert med at selskapet skal organiserast som eit konsern i framtida.

A handwritten signature in blue ink that reads "Per Arne Edvardsen". The signature is written in a cursive, flowing style.

**Per Arne Edvardsen**  
Administrerende direktør

## Produksjon av straum

Sykkylven Energi har følgjande tre produksjonsanlegg:

|                                 |             |
|---------------------------------|-------------|
| <b>Riksheim Kraftstasjon</b>    | <b>2013</b> |
| <b>Riksheimdal Kraftstasjon</b> | <b>2003</b> |
| <b>Ramstaddal Kraftstasjon</b>  | <b>1983</b> |

Alle kraftstasjonane våre er magasinverk. Det betyr at produksjonen er basert på eit vassmagasin og har ein produksjon som kan regulerast uavhengig av nedbør og tilsig av vatn. I Riksheimdalen er det Storevatnet som er magasin for Riksheim Kraftstasjon og Riksheimdal Kraftstasjon, medan Årsetvatnet er magasin for Ramstaddal Kraftstasjon.

Mange småkraftverk som vert bygd i dag er elvekraftverk, med inntak rett frå elveløpet. Desse produksjonsanlegga er avhengige av vassføringa i elva og kan ikkje produsere fritt i forhold til årstid, kraftpris eller problem i linjenettet (beredskapssituasjon).

### Aktivitet

Samla produksjon frå kraftstasjonane våre var i 2018 på 50,7 GWh, mot eit snitt på 46,3 GWh dei siste ti åra. Året 2018 har vore eit særtilfelle når det gjeld nedbørsmengda. Våren var tilnærma normal, så kom ein særst tørr sommar og deretter ein svært nedbørsrik haust. Til tross for dette klarte vi å produsere alt vatnet frå Storevatnet, men i oktober måtte vi køyre med planlagd overløp i Gamlestølsdammen. Nedbørsbildet på landsplan førte til ein gjennomsnittspris på 42,6 øre/kWh. Pris på levert straum starta ved årets inngang med normale prisar som auka utover året. Året vart avslutta med uventa høge prisar som i kombinasjon med mykje tilsig bidrog til det gode årsresultatet. Ved årets utgang var magasinfyllinga svært god i begge vassdraga.

Nye Riksheim Kraftstasjon har i 2018 produsert 25,9 GWh. Kraftverket fekk i 2013 tildelt grøne sertifikat for 22,1 % av årsproduksjonen som følgje av modernisering og renovering.

Ved det årlege VTA tilsynet vart det ikkje avdekka manglar på maskinar eller vassveger. Inntaket til kraftstasjon ved Årsetvatnet har også vore innsisert av dykkar. Det vart ikkje registrert avvik under kontrollen.

### Driftsavvik

Maskinparken på kraftstasjonane har inneverande år ikkje hatt nemneverdige tekniske problem. Det har vore utført årleg vedlikehald etter plan og serviceavtale.

### Omdømming av vassdrag med tekniske utrustingar

Etter lov om tilsyn av vassveger skal det utførast omdømming (godkjenning) av anlegga med jamne mellomrom, 15 og 20 års intervall. Det vart igangsatt pålagt revisjon for både Riksheimvassdraget og Årsetvassdraget i 2017. Sluttrapport er forventa ferdigstilt i 2019.




Jens Kåre Blakstad, avdelingsingeniør

### Produksjon ved Sykkylven Energi sine anlegg:

|              | <b>Riksheim<br/>Kr.St.</b> | <b>Riksheimdal<br/>Kr.St.</b> | <b>Ramstaddal<br/>Kr.St.</b> | <b>SUM</b>   |
|--------------|----------------------------|-------------------------------|------------------------------|--------------|
|              | <b>[GWh]</b>               | <b>[GWh]</b>                  | <b>[GWh]</b>                 | <b>[GWh]</b> |
| <b>2009</b>  | 20,9                       | 20,9                          | 3,8                          | 45,7         |
| <b>2010</b>  | 16,3                       | 15,5                          | 2,7                          | 34,5         |
| <b>2011</b>  | 23,1                       | 21,5                          | 3,8                          | 48,5         |
| <b>2012</b>  | 21,2                       | 22,2                          | 1,4                          | 44,8         |
| <b>2013</b>  | 17,4                       | 15,4                          | 2,9                          | 35,7         |
| <b>2014</b>  | 21,5                       | 17,7                          | 2,4                          | 41,5         |
| <b>2015</b>  | 31,0                       | 21,5                          | 3,4                          | 55,9         |
| <b>2016</b>  | 26,8                       | 21,4                          | 3,6                          | 51,8         |
| <b>2017</b>  | 28,2                       | 21,9                          | 4,1                          | 54,1         |
| <b>2018</b>  | 25,9                       | 21,6                          | 3,2                          | 50,7         |
| <b>Snitt</b> | <b>23,2</b>                | <b>20,0</b>                   | <b>3,1</b>                   | <b>46,3</b>  |

### Sum produksjon 2010-2018



### Private kraftverk

Dei tre private kraftprodusentane som leverer kraft til vårt nett, Brunstad Kraft, Drivdal Kraft og Hatlemark Kraft, har i 2018 hatt ein samla produksjon / innmating på 14,2 GWh.

## Distribusjon av straum

Forbruket i 2018 viser ei auke i forhold til 2017 på 0,296 %. Auka svarar til om lag 356 MWh som igjen svarar til normalforbruket til om lag 14 husstandar.

2018 vart eit år med låge KILE-kostnader i forhold til tidlegare år. Av totalt 76 avbrot rapportar var det 4 stk. med avbrotkostnader over kr. 30 000 kr og største kostnad på kr. 56169. KILE er omlag 73 % lågare i 2018 samanlikna med gjennomsnittet for åra 2009-2018. Dette er variasjonar ein må forvente, fordi mykje er avhengig av ver, vind og planlagd vedlikehald.

Måten tilstandskontrollen vert utført på gjer at vi berre har høgst nødvendige utkoplingar i nettet. Dette bidreg positivt i KILE rekneskapet.

Leveringsgrad utrekna som ein prosentsats basert på forholdet mellom faktisk levert energi og "manglande levering" grunna avbrot er 99,96 % i 2018. Systematisk jobbing over lang tid med blant anna kabling av straumnettet, førte til at vi i 2018 fekk 2. plass i leveringssikkerheit blant alle nettselskapa i landet.



Halvard Hjorthol, avd.leiar EL

### KILE-STATISTIKK I KRONER

| KPI-justert<br>KILE-<br>KOSTNADAR | IKKJE VARSLA AVBROT |                 | VARSLA AVBROT |                 | SUM AVBROTSKOSTNADAR |                 |           |
|-----------------------------------|---------------------|-----------------|---------------|-----------------|----------------------|-----------------|-----------|
|                                   | Andre<br>Kr         | Eige nett<br>Kr | Andre<br>Kr   | Eige nett<br>Kr | Andre<br>Kr          | Eige nett<br>Kr | Sum<br>Kr |
| 2018                              | 0                   | 241             | 0             | 75              | 0                    | 316             | 316       |
| 2017                              | 0                   | 234             | 0             | 147             | 0                    | 381             | 381       |
| 2016                              | 0                   | 1 080           | 0             | 93              | 0                    | 1 173           | 1 173     |
| 2015                              | 0                   | 1 054           | 0             | 144             | 0                    | 1 199           | 1 999     |
| 2014                              | 1 277               | 517             | 0             | 293             | 1 277                | 809             | 2 087     |

Statistikk i heile tusen kr.

### KILE-STATISTIKK I ANTALL KUNDEAVBROT

|      | IKKJE VARSLA AVBROT |                 | VARSLA AVBROT |                 | SUM KUNDEAVBROT |                 |           | SNITT pr. kunde |
|------|---------------------|-----------------|---------------|-----------------|-----------------|-----------------|-----------|-----------------|
|      | Andre<br>Kr         | Eige nett<br>Kr | Andre<br>Kr   | Eige nett<br>Kr | Andre<br>Kr     | Eige nett<br>Kr | Sum<br>Kr |                 |
| 2018 | 0                   | 4411            | 0             | 954             | 0               | 5365            | 5365      | 1,2             |
| 2017 | 0                   | 3 288           | 0             | 1 452           | 0               | 4 740           | 4 740     | 1,03            |
| 2016 | 0                   | 6 783           | 0             | 665             | 0               | 7 448           | 7 448     | 1,6             |
| 2015 | 0                   | 7 676           | 0             | 745             | 0               | 8 421           | 8 421     |                 |
| 2014 | 9 250               | 4 128           | 0             | 1 610           | 9 250           | 5 738           | 14 988    |                 |

### Av større feil og avbrot kan nemnast:

|                                                                  | DRIFTS FORSTYRRELSE | PLANLAGT UTKOPLING |
|------------------------------------------------------------------|---------------------|--------------------|
| 104 Blindheimsbakkane. Reserveløysing for defekt koplingsanlegg. |                     | 11 197             |
| Feil på kabelmuffe Sætreli                                       | 52 795              |                    |
| Havari SF6 anlegg i 104 i bryter mot 017 Blindheim               | 25 046              |                    |
| Hundeidviklinja utfall etter trefelling på linje                 | 17 226              |                    |
| Kabelfeil endemuffe Grebstad. DKBA kabel til Ullavik skule       | 12 716              |                    |
| NS 232 Blindheimsvegen. Innlegging av feil bryter                | 42 168              |                    |
| Skog på linje på Drabløs nr 1                                    | 49 848              |                    |
| Vedlikehold NS Hjørnegården og Aure kai. Nattarbeid              |                     | 31 295             |

### STATISTIKK

Tabellen under viser at antal meter med kabel aukar medan antal meter med høgspenst luftlinje minkar. Dette er positivt både med omsyn til drift og miljø.

| STATISTIKK<br>ELEKTRISKE<br>ANLEGG | HØGSPENTNETT      |               | LAVSPENTNETT      |               | FORDELINGSTRAFOAR |                     |
|------------------------------------|-------------------|---------------|-------------------|---------------|-------------------|---------------------|
|                                    | Luftlinje<br>[km] | Kabel<br>[km] | Luftlinje<br>[km] | Kabel<br>[km] | Antal<br>[stk]    | Inst.yting<br>[kVA] |
| 2018                               | 68,59             | 120,4         | 171,3             | 245,8         | 237               | 78990               |
| 2017                               | 69,13             | 120,90        | 172,10            | 245,60        | 233               | 77560               |
| 2016                               | 70,99             | 122,06        | 174,05            | 236,41        | 232               | 78539               |
| 2015                               | 70,78             | 116,14        | 171,14            | 224,56        | 232               | 76135               |
| 2014                               | 78,11             | 111,07        | 176,28            | 218,94        | 229               | 75035               |
| 2013                               | 77,03             | 88,12         | 176,28            | 223,72        | 226               | 73005               |
| 2012                               | 77,03             | 84,22         | 173,00            | 217,11        | 227               | 73190               |
| 2011                               | 77,48             | 83,71         | 175,18            | 216,31        | 224               | 71675               |
| 2010                               | 77,49             | 83,51         | 178,27            | 213,47        | 226               | 72420               |
| 2009                               | 77,49             | 82,71         | 176,75            | 211,05        | 224               | 70985               |
| 2008                               | 77,70             | 81,3          | 176,70            | 208,40        | 221               | 69550               |

### INVESTERING / DRIFT

Arbeidet med tilstandskontroll har fortsett i 2018. Arbeidet er for å sikre at våre anlegg tilfredsstiller krav i lov og regelverk for å gi ein sikker og god straumtilførsel. Kontrollen vert utført for alle anlegg med årlege, 5 årlege og 10 årlege intervall.

Etter mange år med høge investeringar vil arbeidet i dei komande åra dreie i større grad over på vedlikehald av straumnettet. I 2018 har den administrative aktiviteten på innføringa av ELHUB, NBS og elektrisk ferjedrift for Ørsnes - Magerholm vore vidareført frå 2017.

AMS utrullinga var gjennomført i perioden mai til oktober med gode resultat. Prosjektet skifta 4436 målarar til ein kostnad på kr. 3537 pr. måler. Andel anlegg som vi ikkje har

fått skifta ( clean-up ) er på 1,1 % som er det beste i blant dei 11 selskapa i prosjektet. I tillegg er det omleg 35 anlegg som må byggast om grunna tekniske årsaker.


Ny DMS og Scada er satt i drift og vi har forventningar om at dette vil effektivisere arbeidet, forenkle og betre informasjon ut mot kundar.

#### Det har vorte utført arbeid på følgjande større anlegg:

- Tynesvegen ombygging i samband vegarbeidet
- Fleire hyttefelt Fjellsæter
- AMS prosjektet arbeid i eigenregi

Det er sett i drift 100 nye anlegg i 2018

### Plassering:



### Forklaring av:

**AMS:** AMS står for avanserte måle- og styringssystem. Dette er ein ny teknologi som inneberer digitalisering av straum-målinga hjå alle kundar. Innan utgangen av 2018 skal alle landets straumkundar ha nye "smarte" målarar. Målaren sender målarstand og informasjon om forbruk automatisk til nettselskapet. Målaren vil og gi bla. alarm om jordfeil og ein del anna teknisk informasjon.

**ELHUB:** Bakgrunnen for Elhub er mellom anna at sluttbrukar skal kunne få ein faktura, som inneheld kraft og nettleie. All innsamling av målardata og kundedata for heile Noreg skal handterast gjennom denne sentrale datahuben. Elhuben vil nytte data som kjem frå AMS målaren. Elhub vart satt i drift 18.02.2019


**NBS:** Nordic Balance Settlement» (NBS) inneber etablering av ein felles regulerkraftavrekning for Finland, Norge og Sverige. Formålet er blant anna å redusere etableringsbarrierar for kraftleverandørar som ønsker å tilby tenester i desse landa, og legge til rette for ein felles nordisk sluttbrukar-marknad for kraft.

**DMS:** Distribution management system (DMS). Kopling mellom Nettinformasjonsystem (Netbas), AMS og Fjernstyringsystem (SCADA) for å overvake data frå desse i DMS. I tillegg blir enkelte nettstasjoner overvaka i eit eige system. Totalt gir dette ei oversikt frå innmating til området og ut til den enkelte kunden.

### VEGLYS 2018

Utover ordinært vedlikehald er det renoverte veglys i Tynesvegen og Ullavik.

### Forbruk fordelt mellom hushaldning/fritidsbustad og næring:



■ Hushaldning og fritidsbustadar ■ Næring

### FORBRUK FORDELT PÅ KUNDEGRUPPER OG ÅRSFORBRUK 2018

|                                          | <b>Antal<br/>abonnentar</b> | <b>%<br/>fordeling</b> | <b>Årsforbruk<br/>MWh</b> | <b>%<br/>fordeling</b> |
|------------------------------------------|-----------------------------|------------------------|---------------------------|------------------------|
| Bergverksdrift og utvinning              | 2                           | 0 %                    | 22                        | 0 %                    |
| Bygg og anleggsværksemnd                 | 43                          | 1 %                    | 904                       | 1 %                    |
| Div. forsynings- og renovasjonsverksemnd | 55                          | 1 %                    | 1 288                     | 1 %                    |
| Diverse tenesteyting                     | 268                         | 6 %                    | 15 682                    | 13 %                   |
| Hushaldning og fritidsbustadar           | 4 122                       | 87 %                   | 60 588                    | 50 %                   |
| Industri                                 | 71                          | 2 %                    | 34 861                    | 29 %                   |
| Jordbruk, skogbruk og fiske              | 76                          | 2 %                    | 900                       | 1 %                    |
| Transport og lagring                     | 11                          | 0 %                    | 516                       | 0 %                    |
| Varehandel m.m                           | 65                          | 1 %                    | 6 154                     | 5 %                    |
| <b>Sum</b>                               | <b>4 713</b>                | <b>100,00 %</b>        | <b>120 913</b>            | <b>100 %</b>           |

## Fibernettt

Sykkylven Energi har det siste tiåret lagt til rette for fiber til næringslivet og til private heimar (FTH) i Sykkylven. Med forholdsvis få unntak har næringslivet fått tilbud om å knytte seg til fibernettet vårt og dermed også kunne velje mellom fleire tenesteleverandører til si bedrift. Når det gjeld fiber til heimane så har omlag 75 % fått tilbud om å knytte seg til fiberbreiband. Ved utgangen av 2018 er det meste av dei kommersielt lønsame bustadområda utbygde. Vi arbeider med å finne mulige økonomiske løysningar for også å kunne tilby fiber til resterande næringsliv og heimar i Velledalen, Søvikdalen, Ramstaddalen, Tynesstranda, Eidem og Lyshol.

### Fiber til heimane frå Haugneset til Tynes

Fiber til heimen prosjektet starta opp i juni og vart fullført ut på hausten.

### Våre samarbeidspartar på fiber i perioden

Samarbeidet med NextGenTel om levering av tenester til heimane fortsetter etter avtale om levering av FTH tenester i Sykkylven.

For levering av tenester og breiband over fiber til næringslivet så har vi no ei stor kontaktflate mot samarbeidspartar i og utanfor Sykkylven. For næringsdrivande og andre som bruker fiber frå Sykkylven Energi betyr det meir konkurranse på tenester og større driftssikkerheit på samband ut av bygda.



Jens Kåre Blakstad, avdelingsingeniør og ansvarleg fiber



Eksempel på felles kabelgrøft med fiberrør.  
Foto: Jens Kåre Blakstad.

### Fiberaktivitetar, generelt

I 2018 har det vore jamt etablering av nye FTH kundar frå områda som tidligare har vore utbygde med fiber.

Vi ser ei utvikling som går mot at alle frå både næringslivet og privatkundar ønskjer seg eit stabilt og sikkert breiband. Interesse for breiband levert over fiber har ført til at fleire og fleire kundar som har tilbud, nå tingar abonnement.



# Vassforsyning og avløp


## Investeringar

Dei største investeringane i 2018 har vore:


- Utsifting av om lag 300 meter vassleidning og 50 meter avløpsleidning i Tynesvegen i samband med vegarbeid.
- Utsifting av 125 meter avløpsleidningar i Einebrauta.
- Fullføring av leidningsanlegg med 2 nye pumpe stasjonar for overføring av avløp frå Aureelva til silanlegget Ullavika.
- Bygging av 120 meter avløpsleidning for djupføring av utslepp i Ramstaddalen.
- Reduksjonskummar for etablering av nye trykksoner i vassleidningsnettet.
- Returpunkt for avfall frå hytteområda ved Nysætervatnet.

I tillegg har det vore arbeidd med planlegging av avløpsanlegg ved godsternaltomta og i Velledalen. Samla investering innan vassforsyning var på kr. 3 855 721, avløp kr. 4 121 637 og avfall kr. 434 062. Utsiftingsgrad for vassleidningar var 0,50 % og avløp 0,34 %. Mål for å oppretthalde levetid på leidningsnettet på 100 år er 1 % per år i gjennomsnitt.

Investeringar 2002 - 2018



Driftsavvik VA 2002-2018



Ivar Selsbakk, avd.leiar VAR

## Drift og vedlikehald

Det har vore fokus på lekkasjereduksjon i vassleidningsnettet. Nattforbruket målt frå høgdebassenget på Lyshol vart redusert frå 15 til 11 liter per sekund. Dette er det lågaste som er målt. Målet i hovudplan for vassforsyning er ytterlegare reduksjon på 4 liter per sekund innan 2025.


Endring av trykksonene i vassleidningsnettet har gitt mykje meir stabilt trykk i nettet også ved høgt forbruk. Tidlegare har det vore stadige problem med trykkfall hos abonnentar og pumper som har stoppa. For nokre abonnentar har høgre trykk medført behov for å montere eigen reduksjonsventil.

Vi har hatt 6 vasslekkasjar som er reparert og 10 tilfelle med tilstopping i avløpsnettet. Spesielt innan avløp har vi hatt fleire store feil. Hovudleidninga frå Straumgjerde til Tandstad vart tett over ei lengre strekning og måtte spylast. Hovudavløpsleidninga i Storgata fekk leidningsbrot og førte til fleire tilbakeslag i kjellarar. Det har også vore større driftsproblem med jordreinseanlegget for Tregardane bustadfelt og ved silanlegget på Tandstad.

## Fondsutvikling

Innan vassforsyning så har fondet blitt redusert med kr. 954 013 til kr. 3 971 054. For avløp har fondet blitt redusert med kr. 2 179 240 til kr. 355 469 og for avfall har fondet blitt redusert med kr. 421 486 til kr. 3 149 947. Samla fond er no kr. 7 476 471. Sjå oversikta over fondsutvikling nedanfor.

Fondsutvikling VAR 2002 - 2018





## Økonomi-/administrasjon-/kundeavd.

Selskapet sine funksjonar knytt til informasjon, økonomi, administrasjon og kundehandtering er samla i ei kundeavdeling.

### Kundehandtering

Kundeavdelinga har ansvar for kundesenter, avrekning, fakturering og innkrevjing. Innanfor innkrevjing har vi eit samarbeid med Kredinor.

Kundesenteret vårt svarer på spørsmål om nettleige og EL, og om vatn og avløp. Innanfor slam- og renovasjonstenester har vi eit samarbeid med Årim, der dei har ansvar for kundehandteringa, medan vi har ansvar for å krevje inn gebyra.

Målet vårt er at kundane skal bli godt ivaretekne enten dei kontaktar oss via heimesida vår, på e-post eller på telefon.



Trude Breivik, Økonomi og administrasjonssjef

### Informasjon

Avdelinga har også ansvar for mykje av informasjonsarbeidet som skjer i Sykkylven Energi. Informasjonsarbeid er viktig for å gjere folk kjend med dei tenestene vi leverer, og for eit positivt og truverdig omdøme i lokalsamfunnet.



## Nøkkeltal for 2018

|                                          |                  |     |            |
|------------------------------------------|------------------|-----|------------|
| Omsetninga var                           |                  | kr  | 96.029.554 |
| Dette gav eit resultat på                | - driftsresultat | kr  | 20.563.847 |
|                                          | - før skatt      | kr  | 18.437.761 |
|                                          | - etter skatt    | kr  | 13.824.345 |
| Brutto investeringar gjennom året:       |                  | kr  | 29.778.993 |
| Anleggsbidrag og tilskot frå kundar      |                  | kr  | 1.312.255  |
| Netto investeringar gjennom året         |                  | kr  | 28.466.738 |
| Eigenproduksjonen var:                   | 50,7             | GWh |            |
| Aktive abonnement/kontraktar             | 4 713            |     |            |
| Sum levert til sluttbrukarar i Sykkylven | 120,9            | GWh |            |
| Tap i nettet:                            | 6,6              | GWh |            |
| Totalt transportert i nettet:            | 129,9            | GWh |            |

| Økonomiske nøkkeltal     | 2014   | 2015  | 2016  | 2017   | 2018   |
|--------------------------|--------|-------|-------|--------|--------|
| Eigenkapitalandel        | 43,2 % | 37,6% | 36,1% | 38,7 % | 41,4 % |
| Totalkapitalrentabilitet | 4,7 %  | 4,1%  | 4,7%  | 4,3%   | 7,2%   |
| Eigenkapitalrentabilitet | 6,0 %  | 5,0%  | 7,5%  | 6,6%   | 11,9%  |
| Likviditetsgrad 1        | 0,5    | 0,9   | 0,7   | 1,0    | 0,7    |

## ORD OG UTTRYKK

|            |   |               |
|------------|---|---------------|
| <b>V</b>   | = | volt          |
| <b>kV</b>  | = | kilovolt      |
| <b>A</b>   | = | ampere        |
| <b>W</b>   | = | Watt          |
| <b>kW</b>  | = | kilowatt      |
| <b>MW</b>  | = | megawatt      |
| <b>kWh</b> | = | kilowatt-time |
| <b>MWh</b> | = | megawatt-time |
| <b>GWh</b> | = | gigawatt-time |
| <b>TWh</b> | = | terawatt-time |

**kV** = 1000V = måleining for spenning

**A** = måleining for straum

**kW** = 1000 watt = måleining for effekt

**MW** = 1000 kilowatt

**MWh** = 1000 kWh

**GWh** = 1 mill. kWh = måleining for energi

**TWh** = 1 milliard kWh



## Styret si melding

Sykkylven Energi AS (SE) har ansvar for transport av energi samt ansvar for drift og utbygging av kommunen sine anlegg innan vatn, avløp og renovasjon. SE har 3 eigne kraftstasjonar med ein samla produksjon på ca. 51 GWh i eit normalår. SE er også engasjert i fiberutbygging, og har bygd ut og leverer fiber i store delar av kommunen. Hovudkontoret er lokalisert i Sykkylven kommune. Selskapet har 24 tilsette og er eigd av Sykkylven kommune.

Styret har etter ordinær generalforsamling i 2018 hatt desse medlemmane: Steinar J. Bakke (leiar), Kristin Grebstad (nestleiar), Jarle Strømmegjerde, Odd Arne Krüger, Renate Karlsen, Halvard Hjorthol (frå dei tilsette) og Arvid Skinnes (frå dei tilsette).

I 2018 er 44 protokollerte saker handsama og styret har hatt 10 møter.

### Økonomi:

Samla driftsinntekter for SE i 2018 var kr 96.029.554 medan samla driftskostnader var kr 75.465.707. Driftsresultatet vart kr 20.563.847.

Årsresultat før skatt viser kr 18.437.761 og resultat etter skatt kr 13.824.345. Styret forventar eit godt resultatnivå framover.

SE sin marknadsrisiko er avgrensa. Resultatet frå kraftproduksjonen blir påverka av tilsigssituasjonen og kraftpris. SE nyttar finansielle instrument for å prissikre deler av inntektene frå kraftproduksjonen. Dei finansielle kontraktane handlast på Nasdaq OMX-børsen. SE har i 2018 eit tap frå finansielle sikringskontraktar på kr 2.231.148. SE er vidare eksponert for valutarisiko som følgje av at oppgjersvalutaen for kraftsalet er i Euro. SE har i 2018 gevinst frå valutakontrakter på kr 20.560. Selskapet har utarbeidd ein intern risikomanual som set rammer for den finansielle risikoeksponeringa.

SE sin likviditetsrisiko er per 31.12.18 låg. Selskapet har gjennomført og står framleis framføre store investeringar dei komande åra. Desse vert i hovudsak finansiert med låneopptak. Selskapet vil difor i større grad vere eksponert for endringar i rentemarknaden. Selskapet sin egenkapitalprosent er ved årsskiftet 41,4 %. (38,7% i 2017)

SE har ei tilfredsstillande finansiering. Med ein total kapital på kr 287.699.707 og ein egenkapital (inkludert disponert overskott i 2018 ) på kr 119.246.989 vurderer styret SE si finansielle stilling etter utbytteutdeling som tilfredsstillande.

Brutto investeringar i 2018 utgjorde 29,8 mill. kr. Delar av finansieringa er dekt gjennom anleggsbidrag og tilskot (1,3 mill. kr). Netto investeringar finansiert av SE var såleis på 28,5 mill., fordelt med 8,4 mill. innan VAR-anlegg, 14,2 mill. til nettverksemda og 5,5 mill. til fiberprosjekt. Investeringar elles gjeld EDB-anlegg, bilpark og gatelys. Det høge aktivitets- og investeringsnivået vil fortsette i åra som kjem.

Produksjon frå eigne kraftstasjonar er den viktigaste bidragsytaren til SE sitt resultat. Vi har gjennom året hatt gode tilsig til magasina og vi produserte til saman 50,7 GWh i våre 3 kraftstasjonar. Spotprisen på eigenprodusert kraft vart i 2018 på 42,32 øre kWh, noko som er 74% høgare enn gjennomsnittsprisen for perioden 2015-2017 (24,38 øre kWh).

### El-distribusjon:

Totalt vart det i SE sitt linjenett transportert 129,9 GWh. Tap i nettet var på 6,6 GWh (5,1 % av totalt transportert i nettet). Energi levert til sluttbrukarar i bygda var 120,9 GWh. Transportert energimengde har dei siste åra vore nokså stabil. I 2018 vart det henta inn kr. 4,4 mill. mindre enn SE si inntektsramme tillèt. Berekna meirinntekt inkl. renter i balansen pr. 31.12.18 er på kr 2,8 mill.

Kostnader til transport av energi i ovanfor liggjande nett (nettleige til Mørenett AS og til Statnett SF) var på kr 10,2 mill. Dette utgjør 32 % av nettleiga til SE sine kundar. Kostnader grunna avbrot i elforsyninga i eige nett, KILE, er i 2018 kr 316. 000 (kr 241. 000 på grunn av driftsforstyringar og kr 75. 000 på grunn av varsla avbrot).

### Vatn, avløp og renovasjon:

Samla inntekter frå gebyr for vatn, avløp og renovasjon var på kr 24.572.569, medan driftskostnadane var kr 27.389.145. Dei akkumulerte positive sjølvkostfonda var pr. 31.12.2018 på kr 7.476.471. For vatn vart fondet redusert med kr 954.013 til kr 3.971.054, for avløp vart fondet redusert med kr 2.179.240 til kr 355.469. For renovasjon vart fondet redusert med kr 421.486 slik at samla positivt fond innan dette området pr. 31.12.2018 er kr 3.149.947. Samla reduksjon i sjølvkostfonda for alle område vart dermed kr 3.554.739 i 2018 .

ÅRIM (Ålesundsregionens Interkommunale Miljøseksjon IKS) har ansvaret for innsamlinga av hushaldsavfallet, samt drifta av miljøstasjonane.

Standard- og kvalitetshevinga innan VAR-sektoren dei siste åra er eit resultat av oppfølginga av gjeldande hovudplanar. I mars 2018 vart ny hovudplan for vassforsyning vedteke.

### Produksjon i eigne kraftstasjonar:

|                          |          |
|--------------------------|----------|
| Riksheim kraftstasjon    | 25,9 GWh |
| Riksheimdal kraftstasjon | 21,6 GWh |
| Ramstaddal kraftstasjon  | 3,2 GWh  |
| Sum eigenproduksjon      | 50,7 GWh |

Spotinntekta frå 50,7 GWh var 21,6 mill. kr, dette gir ein gjennomsnittleg pris på 42,61 øre/ kWh eks mva. Utover dette har SE hatt ekstraintekter frå sal av opprinnelsesgarantiar på 288.176 kr. For Grøne sertifikat frå Riksheim kraftstasjon er det inntektsført 1.938.086 kr i 2018. Grunna høge prisar vart store delar av behaldninga av grønne sertifikat innløyst

i 2018. Det har vore nytta finansielle sikringskontraktar i 2018 noko som har gitt eit tap på kr 2.210.588.

#### **Fiber:**

SE leverer fiber i Sykkylven kommune, og har ein samarbeidsavtale med NextGen-Tel for tenesteleveranse til hushaldskundar. Næringslivskundar i Sykkylven kan fritt velje leverandør av breibands- og IKT-tenester gjennom SE sitt fibernett.

#### **Arbeidsmiljø og likestilling:**

Arbeidsstokken i selskapet er stabil og ved rekneskapsåret sin utgang var det i alt 24 tilsette (5 kvinner og 19 menn) som utførte 23,5 årsverk. SE har i tillegg hatt ein lærling i 2018. SE har ei målsetting om å ha ein lærling innan EL.

Det er lagt til rette for at begge kjønn kan tilsettast i alle stillingar ved SE, og under elles like føresetnader vert kjønnsbalanse prioritert ved tilsetting. I styret er det 2 kvinner og 5 menn.

SE har to verneombod, den eine er valt til hovudverneombod. SE er medlem av Sykkylven Bedriftshelseteneste. Sjukefråveret var i 2018 på 3,9 %. Arbeidsmiljøet vert vurdert som tilfredsstillande.

Pensjonsansvaret er dekkja gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP). SE sine pensjonsforpliktingar er aktuarberekna til kr 3.091.529. Beløpet er rekneskapsført. Endringar i parameter for berekning av framtidige pensjonsforpliktingar gjer at den ikkje rekneskapsførde delen av forpliktingane er høg

(13,2 mill. kr). Dette vil kunne gi høgare årlege pensjonskostnader i åra som kjem.

SE er medlem i «KS Bedrift» - ein arbeidsgjevar- og næringspolitisk interesseorganisasjon for bedrifter eigd av kommunar og fylkeskommunar.

#### **Diskriminering**

Selskapet godtek inga form for diskriminering. Det omhandlar lik behandling for alle, uavhengig av etnisitet, nasjonalitet, kjønn, hudfarge, religion og livssyn. Personalpolitikken skal vere tilrettelagt for å stimulere til ei aktiv likehandsaming med fokus på ikkje-diskriminerande åtferd.

#### **Forskning og utvikling**

Selskapet har for tida ingen større pågåande forskings- og utviklingsprosjekt i eigen regi.

SE har deltatt i eit bransjespesifikt FOU-prosjekt i 2018 med kr 66 500.

#### **Ytre miljø:**

SE er underlagt ulike myndigheiter når det gjeld vern av det ytre miljø og selskapet arbeider kontinuerleg for å redusere utsleppa til det ytre miljøet.

Vasskraft er ei rein og vedvarande energikjelde som er svært miljøvennleg sett i forhold til dei fleste andre energikjelder. Likevel påverkar utbyggingar det ytre miljøet. Energiproduksjon og -distribusjon som skjer i regi av SE må ta omsyn til både forsyningstryggleik, lønsemd og miljø. Desse omsyna er ofte i strid med kvarandre, og må difor heile tida vegast opp mot kvarandre. I Sykkylven har vi i dag nær 70

% av straumnettet lagt som jord- og sjøkabel, noko som er godt over landsgjennomsnittet og andre selskap omkring oss. Eit anna døme er prosjektet på Riksheim Kraftverk, der rørgata er sprengt ned i fjell.

SE drifrar dei offentlege avløpsanlegga i kommunen. I den nye hovudplanen for avløp er det ei overordna målsetting at tilknyttinga til hovudreinseanlegga skal aukast og alle ureinsa utslepp skal sanerast i perioden fram mot 2020. Reinsekrava i avløpsforskrifta skal oppfyllest og utsleppa skal ha akseptabel resipientpåverknad.

#### **Generelt:**

Styret vurderer at vilkåra for framleis drift for selskapet er til stades, og årsrekneskapen for 2018 er sett opp under denne føresetnaden.

SE har arbeidd for å ha godt samarbeid med andre energiverk i området. Viktigste samarbeidspartar er Mørenett og Stranda Energiverk. Det er elles etablert samarbeid om innkjøp av materiell og varer. Dei fleste energiverk i fylket er med i innkjøpssamarbeidet, og det er gjennom stort volum oppnådd gode vilkår.

#### **Disponering av årsresultat**

Styret foreslår følgjande disponering av overskotet etter skatt på kr 13.824.345 for 2018:

- kr 7 000 000 vert utbetalt som utbytte til eigar.
- kr 6 824 345 vert ført til annan eigenkapital.


Styret for Sykkylven Energi AS, 11. april 2019


  
Steinar Johan Bakke  
Styreleiar

  
Kristin Grebstad  
Nestleiar


  
Jarle Strømme  
Styremedlem

  
Odd Arne Krüger  
Styremedlem

  
Renate Karlsen  
Styremedlem

  
Halvard Hjorthol  
Styremedlem

  
Arvid Skinnos  
Styremedlem

  
Per Arne Edvardsen  
Adm. dir.

## Revisor Klokk AS

statsautoriserte revisorer

Revisor Klokk AS  
Postboks 197  
6239 Sykkylven  
www.revisorklokk.no

Telefon: 70 25 48 10  
Telefax: 70 25 48 11  
E-post: tormod@revisorklokk.no

Til generalforsamlingen i

**Sykkylven Energi AS**  
6230 Sykkylven

### MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR FOR 2018

#### Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

##### *Konklusjon*

Vi har revidert **Sykkylven Energi AS'** sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 13.824.345. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2018, og av resultata og kontantstraumane for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

##### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

##### *Ytterlegare informasjon*

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av introduksjon av selskapet, nøkkeltal, styrets årsmelding og samfunnsrekneskap, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og om andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Medlemmer av Den norske Revisorforening  
Revisorregisteret/Foretaksregisteret NO 999 125 484 MVA  
Autorisert regnskapsførerselskap

*Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisande bilde i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

*Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare skildring av revisors oppgåver og plikter vises det til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

**Utsegn om andre lovmessige krav***Konklusjon om årsmeldinga*

